

Referat frå styremøte i Vestfold sau og geit 14 mars 2016.03.17

Dei som møtte: Lars Bjarne, Torstein, Dag, Åsne, Magnus. Ref Torhild var med på skype.
Forfall May Britt

9/16 Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

10/16 Referatet frå førre møte gjennomgått og godkjent.

11/16 Innkommen post og referat

- Høring Rovdyr. Torstein Lie tek kontakt med Eldor Bjerke for å gje Vestfold eit "ansikt"
- Referat frå møte i avlsrådet. Lars Bjarne orientera.
 - Spælull – grafvis forbetring over tid
 - Kåringsreglar – uendra
 - Nye registreringar under lamming i sauekontrollen. Obligatorisk eller frivillig ?
- Møte i referansegruppe husdyr. Tema Jordbrukstingingane.

12/16 Konstituering av styret og fordeling av oppgåver.

Val av Nestleiar: Åsne Fineid

Kasserar: Torstein Lie

- Saueavl- Lars Bjarne Linneflåtten med Terje Gjersøe som vara.
- Web-ansvarleg- Åsne Fineid
- Gjetarhundkontakt –Lars Bjarne Linneflåtten (kontakt for styret)
- Beitebruk –Dag Løvall tek ansvar for saker som har med beitebruk å gjere.
- Rovdyr- Dag Løvall. Styret ser dette som ei viktig oppgåve og meiner rovdyrkontakten må være ein styremedlem.

13/16 Jordbrukstingingane 2016. Organisasjonsmessig høring.

Beitetilskot: Alle fylke er like viktig i forhold til beitetilskotet.

Ull: Einig med tilråding i høringsdokumentet.

Ynskjer ikkje omkamp om lammetilskotet.

Omlegging av teljedato til 1. juni

Ynskjer eit nytt "småskiftetilskot". Diffrensiera satsar som premierer små skifte som gjev lite rasjonell grovfôr dyrking. Forslag på 10 daa pr. skifte.

14/16 Tilbud om kurs i regi av VSG

- Dyrevelferdskurs arrangert av VSG med Preben som kursholder.
Ber om at Preben kjem tilbake med eit konkret opplegg for kurset.
- Ynskje om sauekontrollkurs for vidarekomne. Animalia/Osld
- Nettkurs i NSG. Ligg ope for alle som ynskjer å delta
- Seminkurs- tas oppatt på neste møte.
- Klyppekurs- oppfordrar dei som ynskjer klyppekurs om å delta i Telemark.

15/16 Evaluering av årsmøte (utkast til protokoll ettersendes)

Fint årsmøte med godt foredrag frå Nortura, men møte vart alt for langt i tid.

Alternativet kan være å ha eit "reint" årsmøte utan foredrag.

16/16 Status i forhold til arbeidsplan og økonomi

Drifta fyljer budsjett.

Ikkje avvik frå arbeidsplan.

- Medlemsmøte vellykka med 36 deltakere
- Mattilsynet vert invitert til styremøte i mai.
- Neste styremøte 25 mai

17/16 Avslutning av saka med fotograf Willy Haraldsen

Betalt og avslutta

18/16 Representantskapsmøte i NSG

Sakliste gjennomgått.

- Vanlege årsmøtesaker
- Kontingent – NSG mangler penger
 - Trekk øre av omsetninga (kjøtt) for å finansiere avl.
 - Auke semindoseprisen
 - Auke kontigenten.

19/16 Samarbeidsavtale Vestfold sau og geit / Nortura SA.

Klar til underskrift.

19/16 Eventuelt

- Bikkjeangrep i Lardal. Skal VSG som faglag ha ein beredskap ved ulykker / traumer?
Oppfordrar medlemmane til å ta kontakt med styret om noko skjer i og omkring sauemiljøet. Alle i styret har her ei rolle.
- Seminar på Tyrstrand, arrangert av Nortura SA – feil tid.
- VSG har fått innkjøpsavtale med Spar xxxx og kan levere tilbake varer utanom kjølevarer.